

# KYRKJEGLØTTEN

NR. 1 — 2021 — 44. ÅRGANG · KYRKJELYDSBLAD FOR MO OG OSTERFJORDEN



s. 8-9: DRIFTIGE KARAR



# Fleire parkeringsplassar ved Hjelmås Kapell

Tekst: Gunvor Taule Mjanger

Det har lenge vore eit ønskje om fleire parkeringsplassar ved Hjelmås kapell. Eit område nord for kapellet er alt sett av til veg- og parkeringsareal i kommuneplanen, delar av dette arealet er også inne i reguleringsplanen for området.

Det er Alver kyrkjelege fellesråd, via midlar frå kommunen, som vanlegvis står for kjøp av areal til slikt føremål. Det er i dag ikkje midlar til dette prosjektet, så soknerådet må rekna med å finansiera kjøpet på eiga hand. Det er avklart med kyrkjeverja og KA - arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter at det ikkje er noko i vegen for det.

Osterfjorden sokneråd gjorde i møte 27.10.20 i Sak 69/20 Parkeringsplassen på Hjelmås vedtak om å kjøpa areal av grunneigaren. Det skal finansierast via dugnad og innsamla midlar. Alf


Angelskår og Sverre Solberg fekk fullmakt til å jobba vidare med saka og skriva intensjonsavtale.

Soknerådet starta samstundes arbeidet med å samla inn midlar til prosjektet, og gav Terje Romarheim fullmakt til å arbeida vidare med dette.

Innsamla midlar skal setjast inn på konto nr. 36325899098 og merkast med Parkeringsplass Hjelmås.

Avtale om kjøp er signert og det er søkt om frådelling av området.

Mange av dei som gjorde det mogeleg å realisera Hjelmås kapell, og Storstova på Leknes, vil også veramed å finansiera utviding av parkeringsarealet på Apalen. Innsamling av midlar er komen godt i gang, og fleire bedrifter har vist velvilje og gitt store beløp til føremålet. Dette kjem me tilbake til i eit seinare nummer av kyrkjebladet.



Skisse av arealet.

**NORGESHUS**  
Hindenes Hus  
Hindenes Hus AS - 5993 Ostereidet  
Tlf.: 56 35 25 80 - andre.vabo@norgeshus.no

**OSTEREIDET**  
*Kro*  
smakfulle frustelser

*Torill Foto*  
Hjelmås  
Tlf.: 56 35 52 90


*Vaage Kattosseti as*  
Tlf. 56 35 63 50  


**VÅRRYDDING**  
på kyrkjegardane i  
**Alver**

Rydding av gravplassane vil bli gjort frå måndag 22. mars. Vi ber difor dei som har pyntegjenstandar m.m. som dei vil ta vare på om å rydde desse vekk sjølve

**innan søndag 21.mars.**

Ver vennleg å kaste boss i framsette dunkar/kontainarar.



**Alver kyrkjelege fellesråd**



# Våren er her!

Tekst: Gunvor Taule Mjanger

Foto: Kathrine Ask Kvingedal


Våren er her, folk er klare for vår! Det er godt at den kjem, me kan sjå det spirer og gror ute, uavhengig av alle kriser i verda. Me kan no planta i krukker og ha dei innandørs om natta, løkplantar, perleblomar og påskeliljer. Stemorsblomane kan me planta ut i mars, dei toler litt minusgrader.

Elles er det tid for å beskjera frukttræa, og busker som treng det. Rosene skal skjerast når bjørka står med museøyreblad, det kan vera i april eller i mai. Staudene kan du dela når jorda er tint og veksten ikkje er komen for langt. Dei som blomstrar om våren, bør delast om hausten, dei som blomstrar om hausten, kan du dela om våren. Men, om våren kan du gjera nesten alt! Også gamle rhododendron kan klippast ned tidleg på våren, det er eit forsøk verd!

Å dyrka sjølv er blitt populært, det tok av i fjor, truleg på grunn av coronasmitten. Folk var mykje heime og hadde tid til andre ting. Dette er ein trend over heile landet.

## Eit liv med tonar og ord

Arvid Sakseide gjekk bort i desember 2020, 75 år gamal, etter eit kort sjukeleie. Han var kyrkjebladet sin eigen kryssordmakar og korrekturlesar, saman med kona Marit. Arvid var ein av dei mange pensjonistane som gjer ein stor innsats i kyrkjelydane våre. Han utfalda seg med mange syslar og fleire av desse kom kyrkja til gode. Den sterke språkinteressa brukte Arvid godt. Kyrkjebladredaksjonen er takksam for innsatsen han gjorde for kyrkjeblada! Fred med minnet!



## FAKTA:

Ranveig Valle Eknes (60) og Arne Martin Eknes (64) starta Eikanger Hagesenter AS i løa i 1992. Då handla det om uteplantar, på kveldstid. Dei etablerte seg i Vikane ved E39 i mars 2006. Me har spurt dei kva me bør gjera ute, midt i mars månad.

Særleg ungdom er opptatt av rein mat utan tilsetjingar og sprøyting. Så no er det tid for å så frø og driva dei inne, før du plantar dei ut. Du får glede av å sjå vekstene gro, det gjer godt for helsa.

Det må ryddast i beda og gjerast klar til planting. Kanskje skal nokre plantar flyttast for å gjera plass til nye? Korleis skal me setja dei saman? Planlegging er viktig. Du kalkar i april, ved behov, og gjødselar når du plantar. Surjordsplantar som rhododendron krev ein type gjødsel, roser ein annan. Det er ikkje nødvendig å kjøpa ti ulike sortar. Det viktigaste er at plantane får gjødsel, særleg dei som står i krukker. Rosene treng mykje, det hjelper også til med å halda utøy vekke. Blomar i god trivnad er meir motstandsdyktige mot lus og anna styggedom.

Poteter set du 1. mai eller der omkring, dette er blitt populært igjen. I fjor gjekk dei tom for settepoteter.

Hagemøblane må sjåast over, kanskje må noko reparerast, og putane må impregnerast.

Lukke til!

## VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall. Kransar, oppsatsar og bærebukettar fritt levert til gravferda. Gravmonument.

Tlf. 56 59 74 70







### Kjell Larsson

Kjell Larsson, 75 år, gift med Marit, bur på Vike, blir no pensjonist for andre gong.

# Pensjonist for andre gong

Tekst: Torbjørn Aamli

Onsdag 27. januar hadde staben i Osterfjorden og kyrkjeverje John Fredrik Wallace invitert Kjell Larsson til ei lita tilstelling i Ostereidet kyrkje. Vi skulle takke han for 42 års trufast teneste som kyrkjetenar, og tidvis reinhaldar, i Vike kyrkje. Han har i lag med kona si Marit førebudd gudstenester, gravferder og vigslar i mange år. Det blei gode ord med gåve og takk! Vi fekk høyre om ein god medarbeidar som sjeldan sa 'nei'. Han stilte opp, og hadde ei viktig oppgåve som han skjøtta på beste måte.

– Når tok du til som kyrkjetenar, Kjell?

– Eg meiner det var i mars 1979 eg vart fast tilsett i ein liten prosentstilling. Kona mi, Marit, var ei tid tilsett som reinhaldar. Men vi hjelpte kvarandre.

– Kva for oppgåver har høyrt med til kyrkjetenarstillinga?

– Utanom reinhaldet, så har det vore litt snømåking rundt kyrkja om vinteren. Litt rydding, enkle vaktmeisteroppgåver som å skifte lyspærer. Elles har vi pynta og gjort klar til gudstenester og kyrkjelege handlingar.

– Men du har og vore med på vedlikehald?

– Jau, det har vore nokre dugnader her!

– Eg fekk nyleg høyre at du og har vore med i soknerådet her i Vike?

– Det stemmer. Eg var med i 16 år, 12 av dei som leiar. Det blei litt mykje til tider.

– Kva tenkjer du om Vike kyrkje i framtida?

– Mange av dei som gjekk fast til gudsteneste, er no for gamle eller borte. Eg er spent på om dei nye generasjonane på Vike og Romarheim vil kome til gudsteneste.

No er du ikkje fast tilsett lenger. Men kan det hende du tek oppdrag etter dette og?

Du skal ikkje sjå bort frå det. Eg kan spørjast!

Så ønskjer vi deg og Marit alt godt, og Guds signing og i tida framover!

## Julegudsteneste 2020 i Storstova på Hjelmås

Tekst og foto: Geir Ove Hopsdal

Julegudstenestene vart i 2020 flytta frå Hjelmås kapell til Storstova. Det var planlagt ei gudsteneste, men dei 50 plassane vart alle fort reserverte. Dermed vart det to julegudstenester med fullt belegg i Storstova. Prost Helge Taranrød forretta. Musikken og songen var det Solveig Gravem Angelskår og sonen Halvor Angelskår som stod for. Vakkert! Dei flotte «glasmaleria» vart laga av Tone R. Kaalaas og Berit Kyrkjerud.







#### FAKTA

**Namn:** Geir Dahle

**Alder:** 38

**Bustad:** Frekhaug

**Yrke:** Musikklærer på Nordhordland Folkehøgskole

# Frå kyrkjebenken

Tekst: Solveig Westermoen

Foto: Arve Kjell Uthaug

– **Kva kyrkje tilhøyrer du?**

– Meland kyrkje.

– **Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?**

– Eg har vore aktiv i kyrkjelyden her sidan vi flytta hit i 2013.

– **Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden?**

– Mange ting! Fellesskapet, mangfaldet, preikene, løvegjengen, musikken. For meg er kyrkja ein trygg plass der eg både kan ta imot frå Gud og menneske, og bidra. Som musiker kan eg ikkje tenkje meg meir meningsfull musisering enn å spele til ære for Gud og til glede for kyrkjelyden!

– **Korleis vil du skildre kyrkja?**

– Eg opplever at vi er ei vital og kreativ kyrkje der både stab og kyrkjelyd er opptatt av at innhaldet og rammene

skal vere relevant og av god kvalitet. Det er stas å få vere med på det!

– **Kva salme syng du gjerne for tida?**

– Eg kjem stadig tilbake til ein del barnesongar. Det er eit eller anna med desse enkle tekstane der vi ikkje "rotar oss bort" i flotte formuleringar, men går rett til kjernen. "Vær meg nær, o Gud", er ein favoritt for meg. Den rommar egentlig heile livet, eg kan nesten bli på gråten av og til av den songen!

– **Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?**

– Når det gjeld kaffien i seg sjølv, er det nok at den ikkje er fæl... :) Elles må den innehalde nokre gode pratar, helst både med dei eg kjenner best, og nokre nye eller meir perifere. Og viss det ligg att gode sjokoladekjeks i korga som eg kan "rydde", er kyrkjekaffien perfekt!

**KNARVIK**  **SENTER**

Møteplassen for handel og kultur

**Knarvik  
Blomsterstove**



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø  
Tlf: 56 35 62 20 – [www.knarvikblomsterstove.no](http://www.knarvikblomsterstove.no)



# Til Tanzania med Kirkens Nødhjelp

Tekst: Gunnar Kartveit

I 2014 reiste 14 ungdomar og tre vaksne frå Alversund og Knarvik til Tanzania. Med på turen var også ein filmfotograf og den regionale representanten for Kirkens Nødhjelp.

Føremålet var å møte menneske frå ein annan kultur, og bli kjent med Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i landet.

Og kva kom ut av turen? Her er nokre av svara som ungdomane gav på veg heim frå Tanzania:

«Eg tek med meg varmen dei gjev oss når dei tek imot oss.»

«Eg kjenner glede og takksemnd for å kunna gå på skule.»

«Me har det enklare med vatn.»

For reisa gav opplevingar av rikdommen i Tanzania: Menneska, glede over at det går godt med naboen, dyrelivet, fuglesong i kyrkja. Landet har opplevd framgang i mange år, men ulikskap mellom kjønna, manglande tilgang på reint vatn og klimaendringar er med og seinkar utviklinga. Gruppa frå Nordhordland møtte born og unge som får del i Kirkens Nødhjelp sitt arbeid på desse områda, og såg at det nyttar å gje starthjelp slik at folk kan gjera bruk av sine egne ressursar.

To av dei som var med, Marie Pollen Nygård og Vilde Sætre Ellingsen, har fått følgjande spørsmål:

1. I Ilula møtte du 80 år gamle Annastansia, og ungdomane Brauni og Fransisca. Korleis opplevde du det?
2. Har turen ført til endringar for deg?
3. Kva trur du fasteaksjonen kan ha å seia for menneske som dei du møtte på turen? Og kva har fasteaksjonen å seia for deg?



Vilde Sætre Ellingsen og Marie Pollen Nygård møter her ungdomar på eigen alder i Tanzania.

## Marie Pollen Nygård:

1. Eg hugsar kor imøtekomande Annastansia var. Ungdommane jobba mykje i forhold til kva me gjer heime, og måtte sørgje for å skaffe elementære ting som vatn. På tross av at me ikkje snakka same språk, var det fint at me kunne kommunisere ved hjelp av å teikne bilete i sanden. Jordhytta dei budde i, gjorde også veldig inntrykk på meg.
2. I starten då eg kom heim, tenkte eg over alt eg hadde tatt som sjølv sagt heile livet. Vatn i springen, dusj, tak over hovudet, medisin, og skulegong, berre for å nemne noko. Den pågåande pandemien har gjort at me innser kor viktig vatn er for oss. Vatn er viktig i førebygging av smitte, og dersom ein ikkje har det tilgjengelig, vil viruset spreie seg fort i landsbyar der dei bur alt for mange i ei lita jordhytte. Eg har fleire gonger tenkt på korleis eit land som Tanzania klarar seg gjennom ein pandemi, med berre ein brøkdel av ressursane vi har tilgang på i Norge. Kirkens Nødhjelp gjer eit livsviktig arbeid for menneske i nød.
3. Gjennom fasteaksjonen skapar me håp for menneske som ikkje har tilgang til dei same ressursane som me har. Pengane frå fasteaksjonen gjer stor forskjell i livet til dei som treng det og fører til ringvirkningar som at born får seg utdanning som fører ut av fattigdom. For meg er fasteaksjonen viktig, for eg har sett at hjelpa kjem fram til menneske som verkeleg treng det.

## Vilde Sætre Ellingsen:

1. Det var en fin og sterk opplevelse å få komme så nært og få se hvordan Annastansia levde og få høre hennes historier om livet. Jeg husker godt at det var et bilbatteri på gulvet som gav lys i huset slik at barna kunne få gjøre lekser selv på kvelden. For Annastansia var barnas mulighet til en dag å kunne ta en utdanning viktig, da hun selv aldri fikk oppleve dette.
2. Det som helt klart var det fineste jeg opplevde på turen, var å møte alle menneskene. Gjestfrie, glade, positive, snille og tøffe mennesker. Jeg har helt siden turen i 2014 tenkt at jeg vil tilbake til Tanzania og kunne tenke meg å jobbe frivillig der. Jeg opplevde turen så meningsfull og givende, at dette er noe jeg virkelig vil oppleve igjen.
3. Kirkens Nødhjelp har jo de siste årene skaffet reint vann til over en million mennesker hvert år. ”Forandre. For andre.” står det på Fasteaksjonen.no. Jeg mener det er dette fasteaksjonen handler om. Vi så gleden i øynene deres og kunne se hvor ekstremt viktig dette er.

Jeg mener dette er en unik mulighet for oss til å rette fokuset litt vekk fra oss selv her i Norge og fokusere på de som virkelig trenger det.

Etter denne turen har jeg gått med bøsse hvert år i forbindelse med fasteaksjonen.

”Forandre. For andre.”



# «Eg visste ikkje at eg kunne drøyma om det!»

Tekst og foto: Gunnar Kartveit

Eit langt liv med mange bører er rita inn i ansiktet hennar. Men blikket framover er klart.

– Ungdomane må få utdanning, seier ho.

Annastansia Kivafi tek imot oss i heimen sin. Huset er bygd ved hjelp av midlar som er samla inn i Fasteaksjonen i Norge. Her er tank som samlar opp regnvatn, toalett som gjev gjødsel til grønsaker, og solceller med batteri slik at ungdomane kan gjera lekser på kveldstid. Annastansia har teke ansvar for to foreldrelause ungdomar, Brauni 10 år og Fransisca 14 år, og ho er oppteken av at dei må få utdanning. Sjølv har ho ikkje fått gå på skule.

## VATN

Ho er truleg rundt 80 år. Som jenter flest i Tanzania måtte ho henta vatn til familien. Ho gjekk sju km kvar veg, to eller fleire gongar for dagen.

Drøymde du nokon gong om å få eit hus med innlagt vatn? spurde me.

– Eg visste ikkje at eg kunne drøyma om det, seier ho. Og ho held fram i det ho lyfter dei opne hendene sine: -No takkar eg Gud og menneske for det eg har fått.

Tolken, Jacqueline Kadilo, som er i 20-åra, bryt inn:

– Eg óg gjekk og henta vatn då eg var lita.

Annastansia og dei to ungdomane – og mange einskildmenneske med dei – er sentrum i Kirkens Nødhjelps arbeid. Dette er å gje fridom til dei som er bundne i fattigdom. Dette er å gjera Guds kjærleik verkeleg i verda. Det er dét som er Kirkens Nødhjelp sitt oppdrag.



Jaqueline Kadilo og Annastansia Kivafi

## VATN

Kjelde: vannkunnskap.no

Kvar og ein av oss bør drikka mellom 1 og 1 ½ liter vatn kvar dag, og brukar 55 liter kvar dag til dusj, vask av hender og tannpuss. Når vi reknar med matlaging, klevask m.m. brukar kvar person i eit hushald mellom 150 og 200 liter kvar dag.

I fattige område av verda brukar kvar person 10 liter per dag til dette.

Fattige menneske brukar opp til 60-70 % av inntekta si til å skaffa seg vatn.

Dei med minst pengar, betalar mest.

Vel 10% av menneska på jorda manglar tilgang til reint vatn.

Dette er likevel stor framgang frå 1990 då 25% mangla reint vatn!

### Det nyttar å engasjera seg!

VIPPS / SMS VANN til 2426 (250,-)

Konto 1594 22 87493



## MELAND ELEKTRO

AUTORISERT ELEKTROENTREPRENØR

Mjåtveitflaten 45 • 5918 FREKHAUG  
Tlf 56 17 87 00 • post@melandelektro.no  
[www.melandelektro.no](http://www.melandelektro.no)



## RISNES ELEKTRO AS

Elinstallatør • tlf. 56349620





Tormod Valle frå Mundal i Osterfjorden likar arbeidet på kyrkjegarden. - Det er fint å vere ute i det fri, og godt med positiv respons frå folk som finn vegen hit, seier han.

# Driftige karar

Tekst: Øystein Skauge · Foto: Gunnar Kartveit og Øystein Skauge

**– Eg er positivt overraska over at fleire som går her på kyrkjegardane innleier gode samtalar med oss. Vi får høyre mange livshistorier om dei som no er gøynde under ein gravstein. Jamt, gjennom heile veka, møter vi folk på gravplassane. Det er tydeleg at dette er ein stad mange søker for stilla og ettertanke.**

På ein solfylt, kald vinterdag i januar sit driftsleiar i Alver kyrkjelege fellesråd, John Henanger, inne i den varme Meland kyrkje. Han fortel om arbeid og ansvar som han deler med tre kollegaer som er i sving utanfor på kyrkjegarden. Og han veit at ytterlegare to andre medarbeidarar same dag er i teneste på kyrkjegarden på Manger. Han er glad for at alle fem har lang erfaring, dei gjer ein flott jobb.

– Som medarbeidarar er det viktig at vi er skikkeleg kledde når vi møter andre på kyrkjegarden, så vi er utstyrte med ein type arbeidsuniformer med bl.a. kyrkjeleg logo som fortel kven vi er, seier han. Dei tilsette i driftseininga har også teieplikt.

John Henanger, (52 år) har vore i denne stillinga berre i fire månader. Han var elektrikar før, men bar lenge på ein draum om å vere altmulegmann på ein slik jobb som denne. No har han hovudansvar for drift, stell og vedlikehald av 21 gravplassar i Alver, forutan alle dei 15 kyrkjebygga i kommunen. Det er store verdiar som skal sjåast etter og vernast om.

## VEDLIKEHALD

Det handlar mykje om vedlikehald på bygg og anlegg. Sørge for stell av parkområda. Plenklipping i sommarhalvåret. Men sjølvstakt er gravferdene hovudprioriteten på gravplassane.

Henanger fortel om mange flotte kyrkjer i Alver. Knarvik kyrkje er den største og mest avanserte av kyrkjehusa, med bruk av mykje moderne teknologi. Det vesle kapellet i Askvik er det andre ytterpunktet. Det er nesten berre som ei lita skulestove. Nest etter Knarvik, er Meland kyrkje den som er mest i bruk i kommunen, deretter følgjer Manger og Ostereidet.

– *Kva er mest presserande å få skikk på i 2021?*

– No har vi fått ein del statlege tiltaksmidlar, som vi først vil bruke til å pusse opp Ostereidet kyrkje der betongen sprekk opp. Den kyrkja må totalrenoverast utvendig. Lindås kyrkje skal også pussast opp og malast utvendig. Rotne materialar må skiftast. I Lygra kyrkje skal ein fikse roten materiale, tette tak og byte vindu i koret. Meland kyrkje skal totalrenoverast både ute og inne. I den kyrkja håpar vi på to nye kjøkken. I løpet av våren skal vi leggja fram vedlikehaldsplan for alle kyrkjene i Alver. Fellesrådet vil prioritera blant prosjekta, før dei, etter avtale, vert sende til Alver kommune, slik at det kjem med i økonomiplanen for 2022 og vidare.



## ARBEIDET PÅ KYRKJEGARDEN

Graver må opp, uansett vår og sesong. Det kan vere utfordrande. Jorda der vi grev, kan vere ulik. Røter og stein er tunge å hanskast med. Overvatn kan skape problem i regnfulle periodar, fortel Henanger.

Gravplassen på Meland tek til å fyllast opp. Slik er det også på fleire andre gravplassar. På Lindås er utvidinga i gang. Totalt har vi mange ledige graver i Alver kommune, men vi vil sleppe at folk som soknar til ei bygd og ein kyrkjegard skal risikere å måtte gravleggje sine på ein «framand» gravplass,



Arne Palmesen og Anbjørn Vindenes utanfor driftsbygget ved Manger kyrkje.

langt unna der ein bur. Største faren for at det kan kome til å skje, er dersom ein ikkje får nye graver i Meland. Der bør utviding kome i gang snarast.

## SLÅTTEN

– Det er full pedal med slåttene frå april til oktober. Det kan ta opp til to dagar å bli ferdig med ein av 21 gravplassar. Vi treng mykje folk til dette, men vi har lite pengar til ekstra lønsmidlar, seier driftsleiaren, og legg til: – I tillegg til slåttene, kjem gravferder gjennom heile sesongen, og vi har bryllaup der det helst skal sjå velstelt ut rundt kyrkja når gjestene og brurefølget kjem. Men det er uråd å slå på meir enn 20 stader på ein gong. Av og til må graset vekse høgare enn det vi likar. Difor kan det også vere slik at vi prioriterer dei største og mest besøkte gravplassane

## INGEN ENDESTASJON

– Kva gjer det med deg som person å jobbe med døden på denne måten?

– Eg var spent på overgangen frå elektroarbeid til graving. Men eg opplever å ha eit naturleg forhold til døden. Eg har sett døde menneske. Likevel: Vi kjem tett på kister med døde. Då tenkjer eg at dette må gjerast verdig. Menneske som hadde ein liten krins av nære pårørande skal handsamast likt med dei som vert førte til grava saman med ein stor sørgjeskare. Vi som jobbar med dette skal respektere alle som kjem hit.

– Korleis er det for deg å vere ein person som no er knytta til kyrkja med fast jobb og løn?

– Det er ikkje alt eg er einig med kyrkja i, seier John Henanger. – Men eg er medlem i kyrkja, og er veldig glad for å sjå at det rundt omkring i Nordhordland er stort lokalt engasjement for det kyrkja står for. For meg er det ei glede at eg ser at det er mange som vil gode ting for kyrkja vår. Skal folk framleis ha lyst å gå her, og å søkje til kyrkja, så må vi som er her, vere dedikerte i arbeidet vårt.

Det er ikkje eit krav om ei personleg tru for å arbeide i denne driftseininga, men for meg er det no slik at eg har ei tru, og eg er glad over vere å i ein samanheng der det lyser i eit håp om eit betre liv som ventar bak døden. Desse gravene som eg er med på å ta opp og å fylle igjen, er ingen endestasjon. Då er det også godt å kunne bidra til å stelle og å gjere det fint.

– Har du møtt andre gravskikkar som andre trussamfunn vil ha?

– Ikkje enno. Vi har nokre stader der det er sett av plass for muslimske graver. Men vi ser at dei fleste muslimar vil bli gravlagde i Bergen. Vi har plass for desse, men etterspørselen er ikkje stor.

Frå vår side gjer vi alt for å framstå som ryddige når f.eks. ei humanetisk gravferd vert gjennomført utan noko form for kyrkjeleg medverknad. Vårt fokus er uansett at alle skal verte møtte med same respekt for sine val.

Når det er urneseremoniar, kjem vi kanskje ekstra tett inn på folk. Då hjelper vi dei med den praktiske gjennomføringa, og det kan vere nokså ulikt korleis dei pårørande ønskjer at dette skal bli gjort. Ein stadig større del av dei døde vert kremerte og får ei urnegrav. Vi har no omkring 20 % urnegraver. Dei fleste vert kremerte i Bergen, men vi har også ein del urner som kjem frå heilt andre delar av landet.

**HELLAND  
ELEKTRO AS**

HOVEDKONTOR: LINDÅS  
TLF: 56 34 24 30  
www.helland-elektro.no

AVD. KONTOR: ØSTEREIDET  
TLF: 56 34 24 45

**HELÅS AS**

- Gravminner og benkeplater
- Salg av nye steiner
- Vedlikehold
- Reprasjoner (nytt gull eller lakk)
- Navnetilføyelse
- Arbeid på kirkegårder (rette opp og sikre steiner)

Bare ta kontakt dersom du har spørsmål.  
Tlf 93 03 75 94 / 56 37 35 45

**GÅRDBRUKERSERVICE**

LANDBRUK & MARINA

Etablert 1981



# Ta vare på kvarandre!

Tekst og foto: Solveig Westermoen

I desember 2020 arrangerte Meland kyrkjelyd ein digital adventskalender, der folk delte sine opplevingar om tru. Ei av dei er Astrid Anne Fjeldstad. Kyrkjeblada ynkjer å dele hennar historie med fleire.

Astrid Anne bur på Skjelanger, nord på Holsnøy. Ho er oppvaksen i området, og flytta tilbake hit med mannen sin etter nokre år med studier og jobb i Bergen.

– Eg vaks opp på bedehuset, seier Astrid Anne. Foreldra hennar var aktive på bedehuset, ho opplevde dette trygt og godt og treivst i miljøet.

Ho reiste til Bergen for å gå vidare på skule og ta utdanning som hjelpepleiar. Ho møtte mannen sin Olav og dei gifta seg i 1970. Dei fekk tre born, og flytta til Skjelanger i 1977.

Olav var aktiv som leiar i idrettslaget, borna spelte fotball og i skulekorpset, og Astrid Anne var aktiv i songkoret Vågen og Helselaget. Familien hadde ein aktiv kvardag.

Astrid Anne var ofte med mora og hjelpte til på bedehuset under ulike arrangement, men i kyrkja gjekk dei ikkje anna enn julafta når korpset skulle spele. Trua mista ho ikkje, men Bibelen og bøn tydde ho til når noko var vanskelig eller ho var redd for noko. Då opna ho Bibelen og opplevde fleire gonger å treffe rett på vers som gav henne trøyst.

Sommaren 1990 feira Astrid Anne og Olav 20 års bryllaupsdag. Olav ville gjerne invitere til fest, men Astrid Anne meinte at dette er det ingen andre som gjer, og ville venta til 25-års jubileet. –Vi er ikkje som alle andre! Vi gjer det på vår måte! Sa Olav. Så fest vart det.

Ein desemberkveld same året skulle Astrid Anne på korøving, og Olav skulle på møte med idrettens kontaktutval. Dei køyrde saman eit stykke på vegen. Då dei skildest, sa Astrid Anne: –Køyr forsiktig! Eg er så glad i deg!. –Eg er glad i dåke óg! svara Olav. Dette vart det siste dei sa til kvarandre. Olav fekk hjerneslag, vart sendt på sjukehus og døydde same natta.

Astrid Anne vende seg til Jesus i denne vonde tida, og bad mykje. Så var det ei som inviterte henne med i Meland Kantori. Kantoriet song på mest kvar gudsteneste. Og der oppe på galleriet sat ho og fulgte med, og såg på når det var nattverd. Det var fleire i koret som inviterte henne med, men ho vart sitjande. Heilt til ein gong presten inviterte



med desse orda: –Om du kjem for første eller for hundrede gong, er du like velkomen!

– Eg veit ikkje kva som skjedde, seier Astrid Anne, men så var eg nede i kyrkjerommet og knelte ved alterringen.

Sidan har ho vore aktiv i kyrkjelyden, både i Kantoriet og som medlem i soknerådet, og no også som frivillig i eit gudstenestelag. I tillegg til Sokneråd og kor har Astrid Anne og funne tid til å vere politikar (SP) og vere aktiv i LHL.

– Eg har fått eit anna forhold til både Bibelen og bøn dei siste åra, seier Astrid Anne. Ho les ikkje kvar dag, ler ho, men ho les fast. Bøn er også viktig for henne. –Eg ber gjerne i bilen, eller andre stader. Saknet etter Olav er framleis sterkt i periodar. Ho har lært seg å leve med sorga, men nokre dagar er tyngre enn andre. Då er det godt å tenkje på at det siste dei sa til kvarandre var at dei var glade i kvarandre.

Astrid Anne har ei oppfordring til slutt: –Gå ikkje frå kvarandre som uvener! Sei at du er glad i dei rundt deg. Og hugs: Det er makt i de foldede hender!

**Bygg Team**  
VEST AS



Alt innan tømrarfaget!



# «Vi skal skrive en historie om håp, ikke frykt!»

Tekst: Ole D. Hagesæther

Foto: Inger Fosse Dalland

Slik ordla Joe Biden seg, da han ble innsatt som president. Den setningen vil jeg ta vare på. «Vi skal skrive en historie om håp, ikke frykt!» Det er ord som gir retning når det er mørkt i horisonten.

Vi er på en tøff reise i disse dagene, alle sammen. Koronaen har truffet oss i mellomgulvet. Den har skapt avstand og usikkerhet og gjort oss redde. Den truer næringslivet og skaper vansker i familielivet. Ungdommer mister fellesarenaer mens sykehusene fylles opp. Hver uke er det noen i landet vårt som dør.

Likevel skal livsfortellingen vår ikke handle om frykt. Vi vil skrive om håp. Et håp som vi kjenner bærer, også når det butter mot på andre måter i livet.

Men jeg tror nok mange av oss trenger å skrive om kontrakten vår med livet. Livet er et risikofylt prosjekt som krever utholdenhet. Vi må ikke tro at vi blir spart for skuffelser og tap. Smerten hører livet til.

Nå er det ikke farlig å bli redd! Det er helt normalt i stressende situasjoner. Så lenge det er vi som har angsten og ikke angsten som har oss, så finner vi ut av det. Frykten er en ubehagelig følgesvenn. Men den kan redde oss fra nye farlige situasjoner. I ettertid kan den gi oss verdifull erfaring.

Håpet er motoren som drar oss gjennom kriser og katastrofer. Vi tåler veldig mye når vi bare kan klamre oss til et håp. Jeg snakker ikke om billig trøst. Håpet må ha noe å støtte seg til, noe som er troverdig.

Trygg nærhet og troverdig erfaring kan være til hjelp. Jeg reiste en stormfull dag med fly over fjellet. Det satt en ung pike i setet ved siden av meg. Hun skalv hver gang flyet ristet og mistet høyde. «Er du redd?» spurte jeg henne. «Ja» svarte hun tynt tilbake. «Jeg er ikke vant til å fly.» Og så, like etter: «Kan jeg få holde deg i hånden?» Og slik ble det. En ung pike og en godt voksen mann. Til å begynne med sa vi ikke så mye. Men jeg merket at hun kom mer til seg selv etter hvert. Jeg sa: «Jeg har reist dette stykket mange ganger. På denne tiden av året kan det være nokså humpete. Men flyene er bygd for slikt vær. Det er alltid to piloter i

flyene. Til sammen har de masse erfaring».

I koronatider kan helsepersonell fortelle hvordan pandemier har vært stoppet tidligere. Det er til hjelp å høre om vaksine og andre lovende tiltak. Vi blir roligere når vi ser Nakstad sitt ansikt på TV. Vi har tillit til det han sier. Kunnskap og erfaring hjelper når vi er redde. Det gir oss håp.

Det går som oftest bra både når vi flyr og når vi blir syke. Men ikke alltid. Noen blir hardt kvestet og noen dør. Det er slik livet er. Vi vil skrive en historie om håp, ikke om frykt. Men vi må være sannferdige. Billig trøst kan slå voldsomt tilbake dersom livet raser sammen.

Motsetningen til frykt er ikke tapperhet. Det er tillit. Tillit til bærende krefter som fortsatt holder livet sammen. Mange tenner lys når noe forferdelig har hendt. De vet ikke alltid hvorfor, men det er en symbolhandling som skal fortelle om lyset som overvinner mørket. Mange søker til kirken, et rom som tåler klagen. Noen ber, ofte ordløst, alltid hjelpeløst. Kong Josjafat sine ord i Bibelen dekker manges opplevelser i stunder som dette. Han roper til Gud og sier: «Vi vet ikke hva vi skal gjøre. Men våre øyne er vendt mot deg!» (se 2. Krønikebok 20, 12). Verden har rast sammen, men håpet er ikke slukket. Livsopplevelsen er forankret i troen på en som aldri slipper.

Og det er slik det er: I salme 31 i Bibelen har David en trygghetsformulering som jeg har gjort til min: «Men jeg setter min lit til deg, Herre. Jeg sier: «Du er min Gud». Mine tider er i din hånd».

Motsetningen til frykt er ikke tapperhet. Det er tillit.







## OPPSKRIFT

# Peruansk middagsrett

LOMO SALTADO (HOPPANDE KJØT)

**Astrid Aarhus**  
Byrknes bur  
i Knarvik og  
arbeider som  
samfunnskontakt  
og seniorrådgjevar  
ved Haraldsplass  
Diakonale Stiftelse.  
Ho har vore ordførar  
i Lindås kommune  
i 12 år. Tidlegare  
arbeidde ho og  
ektefellen Per i Peru  
for Norsk Luthersk  
Misjonssamband.  
Oppskrifta som ho  
deler her, hadde dei  
med seg derifrå.



### Til 4 personar

500 g biffstrimlar eller anna  
oksekjøtt i strimlar

1 stor løk

1 boks hakka tomatar med  
kvitløk og oregano (eller  
ordinær boks med hakka  
tomatar)

1 ts sukker

1 terning kjøttbuljong

Ca 1/2 ts kvitløkspulver

1 ts paprikapulver

Eit dryss cayennepepar

Soyasaus til marinade

1 til 1,5 pose med potetbåtar  
(frå frysedisken)

### Slik gjer du det:

1. Ca 1 time før du skal lage retten: Legg kjøtstrimlane i ei skål og dekk med marinade av ca 1/2 flaske soyasaus, paprikapulver, kvitløkspulver og cayennepepar. Bland godt og set i kjøleskap

2. Løys opp 1 terning kjøttbuljong i litt vatn

3. Bruk ei stor panne eller helst ei wokpanne. Ha i litt olje, og steik kjøtet med marinaden. Bland i litt vatn viss det trengst. Ha i buljongen.

4. Småsur på svak varme

5. Skjær opp løken. Først deler du løken i to, deretter tynne skiver.

6. Bland løk godt med kjøtet. Surr vidare i ca 15 min.

7. Ha i 1 boks tomatar og 1 ts sukker.

8. Dette røres inn og surres vidare på svak varme mens potetbåtane vert steikte i steikeovnen (bruk litt olivenolje og kvernsalt på potetene). Rør i kjøtblandinga av og til.

9. Når potetene er ferdigsteikte, blir dei tatt ut av ovnen og lagt oppå kjøtblandinga.

10. Retten blir servert med ein god salat til, gjerne med tomatar og fetaost.

Servido!

**PH**  
ÆIDER

**NORDHORDLAND  
BEGRAVELSESBYRÅ**

Ditt lokale  
gravferdsbyrå

ALLTID HER FOR  
**deg**

DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkjevegen 1    Havnevegen 31    Elvavegen 1  
Alversund    Frekhaug    Dalekvam

**VATNE**  
begravelsesbyrå

DAHLS

Tlf: **56 35 09 10** (24t)  
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø

**vatne-byra.no**





## MIN SONG

**Solfrid Marie Hindenes** er 61 år og bur på Ostereidet ilag med mannen Knut. Ho jobbar som sekretær på Ostereidet ungdomsskule, og på fritida har ho m.a. dei siste åra vore dirigent for koret Te Deum.

«Eg slepper deg ikkje og går ikkje frå deg, for eg er din Gud. Eg slepper deg ikkje og går ikkje frå deg, ver ikkje redd. Eg styrkjer deg og hjelper deg, mitt auga kviler på deg. Eg held deg oppe med mi frelsarhand.

Til de blir gamle er Eg den same,  
til de grånar i håret vil eg bera dykk.  
Det har eg gjort og det skal eg gjera,  
eg vil bera og berga dykk.  
Eg vil bera og berga dykk.»

Songen er laga av Sølvi Helén Hopland Aemmer og teksten er henta frå 5. Mosebok kapittel 31, vers 8 og Jesaja kapittel 46 vers 4.

Dette er songen som har tona mest i meg dei siste to åra, og som stadig er med på å gje meg styrke og håp i kvardagen. Sølvi har laga ein nydeleg melodi til desse fantastiske bibeltekstene.

Siste året har vore annleis på mange måtar. Vi kan ikkje treffe andre på same måte og i same grad som før. Pandemien har gitt oss mange utfordringar, og nokre av oss blir hardare ramma enn andre.


Det er så viktig at vi ser kvarandre / snakkar med kvarandre på dei måtane det framleis går an å møtast - og at vi kan vere der for kvarandre når det røyner på! Men om menneske sviktar og ikkje er der for meg når eg treng det, så er det så fantastisk å vite at eg uansett har ein Far som aldri sviktar! Han ser meg og er der for meg og ilag med meg.

«Herren sjølv skal gå framfor deg. Han skal vera med deg. Han sviktar deg ikkje og går ikkje frå deg. Ver ikkje redd og mist ikkje motet!» (5. Mos. 31,8).

## GLIMT AV HIMMEL

Idar Simonsen er prest og har budd på Frekhaug i 40 år. Idar Simonsen starta som lærar på Nordhordland folkehøgskule, og har sidan gjort teneste i ulike prestestillingar, sist som institusjonsprest i Bergen. Som pensjonist er det godt å ha tid til familie, kyrkjelyd, vikartenester og turar til Israel som reiseleiar. I tillegg til alt dette skriv han også bøker.

Glimt av himmel inneheld korte tekstar til oppbygging. Han har møtt mange menneske i siste fase av livet. Her deler han korleis desse stundene var; måten deira å handtera alvorleg sjukdom, relasjonar til dei næraste, og sist, men ikkje minst, spørsmål om tvil og tru. Dei har noko å seia oss. Ikkje alle har hatt ei trygg tru i møte med det som kjem. Dette er ei bok som gjev håp.





# Digital desember i Modalen

Tekst: Rektor Jahn Olav Nordheim  
og Lars Bjarte Nesheim  
Foto: Nese Media

## LYSMESSA

Mo skule har lang tradisjon for deltaking ved lysmessa i desember. Elevane arbeider med innhaldet til lysmessa i skuletida, og det er høgtid for både store og små når dei stolt får visa fram resultatet til forventningsfulle foreldre og besteforeldre.

Dette året såg me tidleg at me ikkje kunne arrangera lysmessa på tradisjonelt vis. Skulen kunne gjennomføra øving og framføring om lag som normalt, men grunna smittetiltak kunne ein ikkje ha tilhøyrarar i kyrkjebenkane.

Som mykje anna i desse dagar så vart ei digital framføring løysinga. Det vart gjort avtale med Nese Media om å gjera opptak av heile lysmessa. Opptaket vart redigert, og gjort tilgjengeleg for «kyrkjelyden» same kvelden. Elevane gjorde ein framifrå innsats i kyrkja. Dei var der som elles flinke å ivareta smittevernet, samstundes som dei gjennomførte det planlagde programmet på ein framifrå måte.

Med hjelp av gode tilsette, elevar, Nese Media og kyrkjekontoret så fekk me til dette òg. Me tek med oss dei erfaringane me har gjort oss vidare, men ser helst at det snart skal verta trygt å møtast fysisk også ved lysmessa. Den digitale løysinga kan aldri fullt ut erstatte fysisk møte mellom menneske.

## JULEKONSERTEN

vart eit heildigitalt arrangement. Konserten vart skissert ut i førkoronisk tid, og justert etter forskrifter og tilrådingar. Etter kvart som konsertdatoen nærma seg, vart soknerådet meir



Monica Skjelanger Reknes, Hanna Gullbrå, Ann-Jorunn Farestveit, Mari O. Trefall. Lars Ørjan Nese ved det tekniske utstyret.

og meir innstilt på å gjennomføre uansett. Lokalt næringsføretak, Nese Media, vart tinga inn for strøyming av arrangement på nett. Vestprod AS sørgde for god lydleveranse til Nese Media. Og framfor alt, svært mange lokale musikarar, artistar og hjelparar sytte for julekonsert 2020 i Mo kyrkje. Oppteljninga tilseier ca 1400 avspelingar på YouTube. Folk som høyrde på konserten fekk høve til å gje ei gåve direkte til Ebenezer Child Care Ministry i Uganda, vel

kr 26 000,- vart overført. Takk til alle som bidrog med desse gåvene!

### Gravminne

- Ring for katalog
- Navnetilføring
- Gravstell
- Oppussing



**Hageland**  
Eikanger

Sauvågen 251 - 5913 Eikangervåg - tlf 56 35 77 30

## Slekters gang

### Døypete

#### Hjelmås kapell

01.11.20 Ingrid Styve Eikanger  
08.11.20 Elias Hordvik Indreeide  
13.12.20 Julian Seim Westervik

#### Ostereidet kyrkje

08.11.20 Frode Nedreås Opedal

#### Andre kyrkjer

04.10.20 Herman Leknesund Fylling  
(Knarvik kyrkje)

### Døde

#### Ostereidet

09.11.20 Astrid Idun Baug

#### Vike

16.10.20 Eva Urdal



# Tankestrek

Av Sokneprest Torbjørn Aamli

## «Det var det året det var så bratt»

Skrev ordkunstneren Øystein Sunde i en sang i 1971. Og det er vel en passende tittel på 2020?

## Et blikk på årsstatistikken for annerledesåret 2020

Like sikkert som vi skriver januar, er det tid for årsstatistikk i kirka. Statistikken skal hjelpe oss med å følge utviklingen, prioritere og ta gode strategiske valg. Og tallenes tale vil for all tid minne oss om koronapandemien, når vi i framtiden kan se oss tilbake. Etter et par år med forsiktig økning i gudstjenesteoppmøtet i Osterfjorden, får kurven en alvorlig knekk i år. 22 gudstjenester ble avlyst. Antall frammøtte på gudstjenester er halvert fra 4170 til 2140. Antall frammøtte på julaften gikk ned fra 428 til 255. Og det har vært veldig få andakter på Ostertunet. Tilsvarende situasjon har det også vært i Modalen.

## Mye går – på nye måter

Barn har blitt døpt, i egne dåpsgudstjenester, og det ble ofte fine stunder - selv om en ikke fikk samlet alle en hadde håpet. Dåpstallene er stabile. Konfirmasjonene ble utsatt i hele landet, for vår del til oktober. Det ble gode opplevelser på en tid med moderat smitte.

Gravferdene fikk begrenset deltakelse, det har variert mellom 10, 30 og 50 personer. Mange måtte gjøre tunge prioriteringer av hvem som skulle få følge sine nære og kjære.

## Digital satsing

Vi har ikke sittet stille, vi har prøvd å gjøre noe. Særlig kateket Bjørn og organist Boris har lagt for dagen massevis av pågangsmot og arbeidsinnsats for å produsere andakter, gudstjenester, småbarnstreff og sangstunder på nett. Solister og musikere, tekstlesere og mange flere har bidratt med mange innslag via Youtube, Facebook og hjemmeside. Statistikken viser at mange har sett innslaga, og likt dem. Tusen takk for innsatsen – og takk til dere som så på!

## Små skritt mot lysere tider

Så skimter vi lys i enden av tunnelen. Vi kan vel regne med at nest jul blir mer normal, men er forberedt på at det blir en langsom åpning og lemping av tiltak, og håper de ulike aktivitetene og gudstjenestene blir mer som før. Snart....

Følg med på hjemmesiden og Facebook for oppdateringer. «Lik» sidene våre, så flere får se dem.

Med ønske om et år med Guds velsignelse og fred!

## Tilsette Mo



**Lars Bjarte Nesheim**  
Kyrkjeverje  
976 75 416



**Antje Michelau-Meyn**  
Trusopplærer / 56 59 90 34  
antje.michelau-meyn@modalen.kommune.no



**Boris Kuprijanov**  
Organist  
920 60 993 · bk365@kyrkja.no



**Sonja B. Molvik**  
Sekretær  
sm769@kyrkja.no



## DEN NORSKE KYRKJA

### Ostereidet kyrkjekontor

Ørnova 21, 5993 Ostereidet

**Opningstid:** mandag, tysdag og torsdag. kl 09.00 – 15.00.

**Telefon:** 4000 1691

kvar dag kl 10.00 – 14.00.

post.osterfjorden@kyrkja.no www.kyrkja.no/osterfjorden

**Facebookside:**

Kyrkja i Osterfjorden

**Kontonummer:** 3632 58 99098

**Vipps:** 537808

Hugs å merka kva betalinga gjeld.

### Mo kyrkjekontor

5729 Modalen

**Kontortid:** mandag og onsdag kl. 8.00 – 15.30.

**Telefon:** 56 59 90 33 larsbjarte.nesheim@modalen.kommune.no

**Facebookside:** Mo sokn

### Alver kyrkjelege fellesråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

post.alver@kyrkja.no  
www.kyrkja.no/alver

**Kyrkjeverje:** John Fredrik Wallace  
jw734@kyrkja.no

**Leiar i fellesrådet:** Grethe Lunde,  
gr-lunde@online.no

### Soknerådsleiarar:

Osterfjorden: Geir Ove Hopsdal  
901 18 278

Mo: Henning Birkeland,  
994 70 008

### Kyrkjegløtten

**Utgjevar:** Sokneråda i Osterfjorden sokn og Mo sokn, i samarbeid med Meland sokn, Knarvik sokn og Radøy sokn.

**Redaktør:** Gunvor Taule Mjanger

**Lokal redaksjon:** Torbjørn Aamli, Ole Einar Eide Eidsheim, Anne Berit Eknes, Gunvor Taule Mjanger, Lars Bjarte Nesheim

**Grafisk design:** Simen Søvik  
**Trykk:** Bodoni AS

**Framsidedeilete:** Kurt Kalnes, Jan Fosse og John Henanger på gravplassen ved Meland kyrkje. Foto: Øystein Skauge.



**Helge Taranrød**  
Prost  
ht759@kirken.no



**John Fredrik Wallace**  
Kyrkjeverje  
jw734@kyrkja.no

## Tilsette Ostereidet



**Torbjørn Aamli**  
Sokneprest  
476 21 201 · ta576@kyrkja.no



**Bjørn D. Nygård**  
Kateket  
412 59 586 · bn458@kyrkja.no



# Gudsteneste- kalender

## 14. mars

Mo kyrkje kl. 11.00  
Torbjørn Aamli  
«Herren skipar til påske-  
høgtida»

## 21. mars

Ostereidet kyrkje kl. 11.00  
Maria bodskapsdag

## 28. mars kl. 11.00

Palmesundag  
Mo kyrkje kl. 11.00  
Torbjørn Aamli

## 1. april

Skjærtorsdag  
Hjelmås kapell kl. 18.00  
Torbjørn Aamli

## 2. april

Langfredag  
Vike kyrkje kl. 11.00  
Magne Bjørndal

## 4. april

Påskedag  
Ostereidet kyrkje kl. 11.00  
Torbjørn Aamli

## 11. april

Mo kyrkje kl. 11.00  
Torbjørn Aamli  
«Peters nye sjanse»

## 18. april

Ostereidet kyrkje kl. 11.00  
Magne Bjørndal  
«Ein port til liv og over-  
flod»

## 25. april kl. 11.00

Ostereidet kyrkje kl. 11.00  
Torbjørn Aamli  
«Eit nytt bod: Elsk kvaran-  
dre!»  
Årsmøte etter gudstenesta.

## 2. mai

Ostereidet kyrkje kl. 11.00  
Torbjørn Aamli  
«Lite frø med stort poten-  
siale»

## 9. mai

Mo kyrkje kl. 11.00  
Torbjørn Aamli  
«Gud gir gode gaver. Du  
og!»

## 16. mai

Ostereidet kyrkje kl. 11.00  
Magne Bjørndal

## 17. mai

Mo kyrkje kl. 11.00  
Magne Bjørndal  
Familiegudsteneste

Hjelmås kapell kl. 11.30  
Torbjørn Aamli  
Familiegudsteneste

Vike kyrkje kl. 13.00  
Magne Bjørndal  
Familiegudsteneste

## 23. mai

Pinsedag  
Hjelmås kapell kl. 11.00  
Torbjørn Aamli  
«Talsmann og Sannings-  
ande»

## 24. mai

2. pinsedag kl 11.00  
Mogleg sportsandakt Tot-  
landsfjellet – Bjørgo.  
Sjå avis, heimeside og  
Facebook.

## 30. mai

Ostereidet kyrkje kl. 11.00  
Torbjørn Aamli  
«Jesus jublar!»

## 6. juni

Mo kyrkje kl. 11.00  
Magne Bjørndal

## 13. juni kl. 11.00

Ostereidet kyrkje kl. 11.00  
Torbjørn Aamli  
«Dei første disiplane»

## 20. juni kl. 11.00

Vike kyrkje kl. 11.00  
Torbjørn Aamli  
«Sats alt på det viktigaste!»

## FASTE AKTIVITETAR I OSTERFJORDEN

### Ostereidet kyrkje

Sprell levande  
Søndagsskule 1.-4.klasse  
Onsdagar kl.12.45-14.15  
(Oddetalsveker)  
Ingunn Skeie Buanes,  
95823103  
Ostereidet Soul Children  
Onsdagar kl.17.30-18.30  
Renate Waldow, 91550548

Fredagskafeen  
Fredagar kl.20-23.00  
Bjørn Ingvar Eidsheim,  
971 45 120

Te Deum  
Onsdagar kl.19.00-21.00  
Solfrid Hindenes, 90117981

Osterklang  
Torsdag kl.17.00-19.00  
Solveig Eide, 98647358

Pensjonistlaget  
Torsdag kl.16.30  
Arnfinn Hellevang,  
97601675  
Siste torsdag i mnd.

Strikkekafeen  
Tysdag kl.19.00-21.00  
(Partalsveker)  
Sonja Molvik, 47855513

Bøn og lovsong  
Mandagar kl.19.00-21.00  
(Partalsveker)  
Ivar Eidsheim, 91704246

Hjelmås kapell  
Jungelgjengen  
Tysdag kl.17.30-19.00  
Helga A.Eikrem, 41648493

Småbarnstrall  
Onsdagar i partalsveker  
Bjørn D. Nygård

Borgstova på Vikanes  
Laurdagsgraut  
Borghild Toft, 48057831

Me ønskjer at kyrkja skal vera ein trygg stad. Difor har me faste rutiner for reinhald, og no praktiserer me to meters avstand viss det er allsong.

Til nokre av gudstenestene er det påmelding. Sjå heimesida eller Facebook for informasjon (sjå s. 15 i Kyrkjegløtten). Du kan og ringja kyrkjekontoret. Har du ikkje fått meldt deg på, kan du likevel ta sjansen på at det er plass. Då blir namn og telefonnummer registrert ved oppmøte, og oppbevart i to veker, i tilfelle smittesporing. Blir det endringar på kort varsel, legg vi det ut på heimeside og Facebook, og – viss mogleg - i avisene.

### DÅP

Det kan vera dåp på dei fleste sundagane, anten i gudstenesta eller i ei kort dåpsgudsteneste etter den ordinære gudstenesta. Til dei oppsette gudstenestene

i Osterfjorden kan ein melda dåp på heimesida. Høver ikkje desse, ta kontakt med kyrkjekontoret i Osterfjorden eller Modalen, så prøver me å finna ei løysing.

Endringar kan kome som følgje av koronasituasjonen. Følg med på nettsida til kyrkja og i avisene for oppdaterte opplysingar om gudstenestene.

### KONFIRMASJON 2021

Laurdag 21. august i Ostereidet kyrkje for konfirmantar frå Hjelmås og Leiknes.

Laurdag 28. august i Ostereidet kyrkje for konfirmantar frå Ostereidet.

Laurdag 11. september i Mo kyrkje.

### BISPEVISITAS

Visitasen i Osterfjorden og Mo sokn blir 2.-4. og 7. november. Det kjem meir informasjon til hausten.